



# MANGFALD OG DEMOKRATI

Vi er ulike, men like mykje verdt!

I innleiinga til Rammeplanen står det at dei vaksne sine haldningar, kunnskapar og evne til å møte, forstå og oppdra barn til å delta aktivt i eit demokratisk samfunn er veldig viktig. Ordforråd, forståing av omgrep og språkleg medvit er avgjerande for barn si demokratiske deltaking seinare i livet. Det står vidare i Rammeplanen at barnehagen skal reflektere og respektere mangfaldet barnegruppa representerer. Denne veka har vi fokus på barnehagens mangfald. Dette handler blant anna om at vi opplever smak ulikt, at vi kan snakke ulike språk og bruke kroppen på ulike måtar. Målet for veka er at barna skal få oppleve at mangfald er ein styrke og at alle blir rekna med og høyrer uavhengig av alder, funksjonsnivå, hudfarge, språk og tradisjonar.

Opplegget tek utgangspunkt i stasjonsarbeid med korte presentasjonsøkter kombinert med fysisk aktivitet. Sanseinntrykk skapar koplingar i hjernen og repetisjon av desse gjer koplingane sterkare og meir varig. Dess betre nettverk av koplingar eit barn har tidleg, dess lettare vert læring seinare. Lag difor tre stasjonar og introduser nye bokstavar og lydar, smaksopplevingar og omgrep på kvar stasjon for barna. Bruk omgresa i naturlege situasjonar i løpet av dagen også, og legg på den måten til rette for den gode samtalen som utduper forståinga ytterlegere.

Denne veka får barna erfare

- Eit mangfald av smaksopplevingar, jf. Kunst, kultur og kreativitet
- Lettlest Maxibok om Mangfaldet, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Lære bokstavane/lydane S, I, T, R, O, N, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Skriving, jf. Språk, kommunikasjon og tekst
- Åle, rulle, fly, jf. Kropp, rørsle, helse
- Sangleik, jf. Kunst, kultur og kreativitet / Kropp, rørsle, helse



Eksempel på Bravo-runde



Fem opplevde kontraster



Fem konkrete krydder og urter

## Stasjonar 1. dag

### 1 Sangleik om mangfald og demokrati

Stå i ring og hald kvarandre i hendene.

Melodi: Hovud, skulder, kne og tå.

*Vi er vener store, små, store, små.*

*Vi kan klappe, snu oss rundt og gå.*

*Våre stemmer høyrer vaksne godt,*

*når vi syng det ut så høgt og flott.*

(Bruk gjerne rytmeinstrumentet de har laga. Sjå eige sangark og mal for rytmeinstrument.)

Rull vidare til neste stasjon.

### 2 Smak på noko surt

Klipp ut biletet av sitronen og ordet surt. Vis barna og sei: "Dette er ein sitron. Her står det surt. No skal de få smake på noko surt." Ta fram ein ekte sitron, skjær den opp og lag bitteisås til barna. Hugs tørkepapir.

Fly vidare til neste stasjon.

### 3 Dei små bokstavane sin lyd

Klipp ut bokstavkortet og vis barna. Sei: "Dette er dei små bokstavane sin lyd: s, i, t, r, o, n". Gjer dette mens du viser ein og ein bokstav i hurtig tempo. Bla bakfrå og bruk tydeleg mimikk. Sei lyden akkurat når barna ser bokstaven for å lage ei sikker kopling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at de har funne noko anna som byrjer på lyden O.

Ål vidare tilbake til start. Gjennomfør to slike runder dagleg. Det tek omlag 10 minutt tilsaman.

## Stasjonar 2. dag

### 1 Dei store bokstavane sin lyd

Klipp ut bokstavkortet. Sei: "Dette er dei store bokstavane sin lyd: S, I, T, R, O, N". Gjer dette mens du viser ein og ein bokstav i hurtig tempo. Bla bakfrå og bruk tydeleg mimikk. Sei lyden akkurat når barna ser bokstaven for å lage ei sikker kopling mellom lyden og det dei ser. Gjer det ein gong til etter at de har funne noko anna som byrjer på lyden O.

Rull vidare til neste stasjon.

### 2 Maxiboka om Mangfald, nøkkelord

Skriv ut boka og bind ho inn slik det står skildra. Sei: "No skal vi lære nøkkelorda i boka om Mangfald". Vis nøkkelorda i boka i hurtig tempo. Forklar eit av orda kvar gong.

Fly vidare til neste stasjon.

### 3 Sangleik om mangfald og demokrati

Stå i ring og hold kvarandre i hendene.

Melodi: Hovud, skulder, kne og tå.

*Vi er vener store, små, store, små.*

*Vi kan klappe, snu oss rundt og gå.*

*Våre stemmer høyrer vaksne godt,*

*når vi syng det ut så høgt og flott.*

Ål vidare tilbake til start og ta ei runde til.



## Stasjonar 3. dag

### 1 Vi skriv sitron

Repetere lydane til dei små bokstavane. Legg bokstavane på golvet i rekkefølge slik at det står **sitron**, i barna si leseretning. Sei: "No står det sitron."

Rull vidare til neste stasjon.

### 2 Vi smakar på noko salt

Klipp ut biletet av mørpølsa og ordet salt og vis barna. Sei: "Dette er ei mørpølse. Her står det salt." No skal de få smake på noko salt. Ta fram ein pose med mørsnacks og lag littesmå smakebitar til barna dersom dei er eldre enn seks månadar. Hugs tørkepapir.

Fly vidare til neste stasjon.

### 3 Maxiboka om Mangfald, faktasetningar

Repetere nøkkelorda og les/vis faktasetningane om Mangfald og vis biletet til slutt. Fortel kva du ser på biletet.

Å tilbake til start og ta ei runde til.

## Stasjonar 4. dag

### 1 Smak på noko sterkt

Klipp ut biletet av kanelstengene og vis ordet sterkt. Sei: "Dette er kanel før det blir malt. Her står det sterkt. No skal de få smake på noko som er litt sterkt." Dryss litt kanel på fingertuppen til barna og sei at dei som vil kan smake på det. Hugs og vaske hendene først og tørk av etterpå.

Krabb vidare til neste stasjon.



Ill.: Oddvar Almenning

### 2 Maxiboka om Mangfald, spørsmål

Samles heile boka om Mangfald.

Samlesing tyder at barna ser teksten medan den vaksne les høgt. Vis biletet og bla over til sida med spørsmåla. Still barna eit spørsmål og sjå om dei ønsker å svare. Dersom dei nøler viser du på valbrettet kva som er riktig svar (sida med svaralternativ). Gjer det same med alle tre spørsmåla. Klipp ut lottokorta og leik med dei saman med bokstavkorta og smakskorten i løpet av veka. Boka er fra no av tilgjengeleg for barna i ei hylle på avdelinga.

Fly til neste stasjon.

### 3 Sanglik om mangfald og demokrati

Stå i ring og hold kvarandre i hendene.

Melodi: Hovud, skulder, kne og tå.

*Vi er vener store, små, store, små.*

*Vi kan klappe, snu oss rundt og gå.*

*Våre stemmer høyrer vaksne godt, når vi syng det ut så høgt og flott.*

(Sjå eige sangark.)

Krabb tilbake til start og ta ei runde til.

## Stasjonar 5. dag

### 1 Vi lagar ord

Ta i bruk dei små bokstavane. Vis barna kva for ord vi kan skrive med dei:

**tor, rot, si, is, sot, ros, rosin, ti**

Å vidare til neste stasjon.

### 2 Smak på noko surt, sterkt og salt

Ta fram bileta av dei tre ulike smakane. Sei: "No skal vi smake på mangfaldet av smakar." Lag smaksprøver og lat dei som ønsker få smake i dag også.

Fly vidare til neste stasjon.

### 3 Maxiboka om Mangfald, spørsmål

Samles heile boka om Mangfald. Vis biletet og bla over til sida med spørsmåla. Still barna eit spørsmål og sjå om dei ønsker å svare, bruk gjerne valbrettet. Klipp ut lottokorta og leik med dei saman med bokstavkorta og smakskorten i løpet av veka.

Rull tilbake til start og ta ei runde til.

## Klipp ut alle bokstavane

Lær dei store bokstavane sine namn og lydar og dei små bokstavene sine namn og lydar. Gå på skattekjakt etter noko som byrjer på ein bestemt lyd og opplev det dykk finn med sansane.



A large, bold, red letter 'S' is centered within a dashed rectangular frame. The letter is oriented vertically, with its bowl pointing downwards. It has a thick, rounded stroke and a white interior.A large, bold, red letter 'S' is centered within a dashed rectangular frame. The letter is oriented vertically, with its bowl pointing downwards. It has a thick, rounded stroke and a white interior.A large, bold, red letter 'T' is centered within a dashed rectangular frame. The letter is oriented vertically, with its stem pointing downwards. It has a thick, straight stroke and a white interior.A large, bold, red letter 'i' is centered within a dashed rectangular frame. The letter is oriented vertically, with its stem pointing downwards. It has a thick, straight stroke and a small red square at the top representing a dot.

Tt

Tt

Rr

Rr

A large, solid red letter 'O' is centered within a dashed rectangular frame. The letter has a thick, rounded outline and a white interior.A smaller, solid red letter 'O' is centered within a dashed rectangular frame. It has a similar thick, rounded outline and white interior to the letter above it.A large, solid red letter 'N' is centered within a dashed rectangular frame. It is a bold, blocky design with a thick vertical stem and a diagonal stroke.A smaller, solid red letter 'n' is centered within a dashed rectangular frame. It is a lowercase 'n' with a single vertical stem and a curved hook at the top.

Sangleik

Melodi: Hovud, skulder, kne og tå.

*Vi er vener  
store, små, store, små.*

(*Stå i ring og strekk dykk opp på ‘store’ og bøy dykk saman på ‘små’.*)

*Vi kan klappe,  
snu oss rundt og gå.*

(*Klapp to gongar, snurr ein runde og ta kvarandre i hendene og gå i ring.*)

*Våre stemmer høyrer  
vaksne godt.*

(*Gå og syng.*)


*Når vi syng det ut  
så høgt og flott.*

(*Syng sterkare og sterkare!*)

## Klipp ut alle lottobrikkene

Smaksopplevingane kan de illustrere med bileta og orda under.

Sitron smakar surt, mørpølse smakar salt og kanel smakar sterkt. Klipp ut og bruk korta på stasjonane, spel deretter lotto eller memory ved andre høve utover dagen.



**sur**t

**sur**t



**salt**

**salt**



**sterkt**

**sterkt**

## Rytmeinstrument

Det blir enda meir festleg om barna får lage sitt eige rytme-instrument. Vi har laga ein mal som passar rundt ein dorull. Lat barna velgje om dei vil farge og dekorere sjølv, eller om dei har lyst å klippe ut og lime på eit farga ark. Fyll dorullen med raude linser eller anna du reknar for trygt for alders-gruppa og som lager ein fin lyd. Teip godt i begge endar før de limer på pynten.



Ta på lim her.

Ta på lim her.